

Reinheimen

-

skjøtsels- og informasjonstiltak.

Prosjektomtale 2010 - 11



**Behandla i Kontaktutvalet for Reinheimen
13.12.2010**

Forord

Forvaltningsstyresmakta (FM) og (SNO) gjennomfører årleg ein bestillingsdialog for utgreiing og prioritering av skjøtsels- og informasjonstiltak i verneområda i Reinheimen.

Gjeldande prosjektmtale dannar eit grunnlag for Kontaktutvalet for Reinheimen (KUR) sin søknad om tiltaksmidlar for 2010.

Prosjektmtale er utarbeidd av nasjonalparkforvaltaren i samråd med administrativ faggruppe som har drøfta saka i møte 11.10.10 og 22.11.10.

Bestillingsdialogen for Reinheimen fekk tilslutning frå Kontaktutvalet for Reinheimen i møte 13.12.10.

Lesja, den 14.12.10

*Trond Stensby
nasjonalparkforvaltar*

Innhald

| | |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| Forord | 2 |
| Innhald..... | 3 |
| 1. Innleiing | 4 |
| 1.1 Roller..... | 4 |
| 1.2 Definisjonar | 5 |
| 1.3 Overordna prioriteringar (DN) | 6 |
| 2 Bestillingsdialogen | 8 |
| 3 Avslutta og vidareførte tiltak 2010..... | 10 |
| 4 Nye tiltak 2010 - 2011 | 11 |
| 4.1 Informasjonstiltak (I)..... | 11 |
| 4.1.1 VV00002446 Reinheimen - Informasjonsportal for Reinheimen på Dønfoss i Skjåk - innfallsport til nasjonalparken..... | 11 |
| 4.1.2 VV00002446, Reinheimen VV00002448, Tafjorden-Reindalen - Informasjon på turisthytter | 13 |
| 4.2 Tilretteleggingstiltak (T) | 13 |
| 4.2.1 VV00002442 Naturstig Finndalen | 13 |
| 4.3 Tiltak for å bekjempe fremmede arter (F) | 15 |
| 4.3.1 VV00002447 Vidareføring av bekjemping av parkslirekne på Gravdehaugen (Romsdalen LVO) | 15 |
| 4.3.2 VV00002446 Reinheimen - Revegetering av grustak Billingen..... | 15 |
| 4.4 Andre tiltak (A) | 16 |
| 4.4.2 Reinheimen - Ferdselsregistrering Innspel til bestillingsdialogen 2010 | 16 |
| 5 Prioriteringar nye tiltak | 17 |
| 5.1 A-skjema | 17 |
| 5.2 B-skjema..... | 17 |
| 5.3 C-skjema..... | 18 |
| 6 Reinheimen - bestillingsdialogen 2011 - søknad om utsett frist for ferdigstilling av tiltak 2010 og eldre | 18 |
| Vedlegg | 22 |
| A+B-skjema | 22 |
| C-skjema..... | 22 |

1. Innleiing

1.1 Roller

Av DN sitt **delegasjonsbrev** til kommunane i Reinheimen (dagsett 13.08.07) går det m.a. fram følgjande:

”Kommunen kan i tillegg til dei ramma som blir gitt til utøving av forvaltningsmynde frå DN, søke om økonomiske løyvingar til tiltak i verneområda inannfor dei rammene som kvart år vert fastsett av Stortinget. Det må etablerast nær dialog med SNO om dette.”

Vidare går det fram av brevet:

”

- *Skjøtsel og tilrettelegging*
Som forvaltningsmynde skal kommunen vurdere behov og naudsynt gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging. Plan for skjøtsel og eventuell tilrettelegging bør gå inn i ein godkjend forvaltningsplan.

Gjennomføring av skjøtels og tilretteleggingstiltak avtalast med SNO gjennom ein bestillingsdialog som SNO vil orientera nærare om. ...

- *Merking og informasjon*
Kommunen har ansvar for naudsynt merking og vedlikehald av merkinga i verneområda. Første gongs merking må samordnast for heile området og vert dekkja av DN etter nærare avtale.

Som forvaltningsstyresmakt skal kommunen vurdere behovet for særskilde informasjonstiltak. Kommunen har og ansvar for kontakt med grunneigarar, rettshavarar, brukarar, aktuelle lag og organisasjonar mv.”

Av samarbeidsavtale for **KUR** heite det m.a. at KUR skal *”samordne og fordele økonomisk verkemiddel som blir tilført verneområdet.”*

I avtala heiter det også:

”§ 10 Administrativt fagutvalg

Det skal opprettast eit fagutvalg med 1 representant frå kvar kommune, samt sekretæren for KUR. Sekretæren for KUR kallar inn til møte.”

1.2 Definisjonar

(etter DN - Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder Notat 2007- 1)

Nedanfor følgjer definisjonar av ein del omgrep som DN har omtalt i sitt notat 2007-1:

Forvaltning av verneområde:

Det totale arbeidet med å

forvalte et verneområde omfattar:

- forvaltningsmyndighetutøving i form av forvaltnings-/skjøtselsplanlegging, saksbehandling etter verneforskrifter og rapportering,
- praktisk forvaltning som informasjon, overvaking, registreringar og gjennomføring av fysiske tiltak som er nødvendig for å ivareta eller fremme verneformålet eller opplevingsverdien. I tillegg kommer tilsyn med verneområde, der aktivitetane som er nemnd før er tatt inn i ”det utvida oppsynsogrepet” i naturoppsynsloven.

Forvaltningsplan:

Plan for forvaltning av eit eller fleire verneområde. Ein forvaltningsplan kan innehalde både ein presisering av verneforskrifta, retningslinjer for dispensasjonspraksis og bruk av området, definerte forvaltningsmål og plan for nødvendige og/eller ønska tiltak. Ein forvaltningsplan kan innehalde ein eller fleire typar tiltaksplanar:

- Bruks- og driftsplan: Plan over rettshavarane sin bruk og/eller ulike tilretteleggings- og informasjonstiltak.
- Skjøtselsplan: Plan for dei skjøtselstiltak som må/bør gjennomføres for å oppretthalde verneverdiane og naturtilstanden som er definert i verneformålet.
- Plan for overvaking og/eller forskning.

Forvaltningstiltak:

Tiltak initiert av forvaltningsmyndigheita, som er nødvendig for å fremme eller opprettholde verneverdiane, herunder å styre bruken av områda. Det kan f.eks. være skjøtsel, restaurering, rydding, kanalisering/ tilrettelegging eller informasjonstiltak av ulik art.

Skjøtsel:

Aktive tiltak vanlegvis på økologisk grunnlag som gjennomføres for å oppretthalde og/eller utvikle ein ønsket naturtilstand i et område. For verneområde vil det være viktig å ta vare på den naturtilstanden som er definert i verneformålet. Ulike typar verneområde har behov for ulike typar skjøtselstiltak, og det er viktig å ta utgangspunkt i den tidligare bruken av området. Skjøtselstiltak kan for eksempel være restaurering, rydding, tynning, styving, hogst, beiting, slått og brenning.

Tilrettelegging:

Fysiske tiltak som gjennomføres for å styre/lede ferdsla i et verneområde, tiltak for å lette tilgjenge eller auke opplevingsverdien (f.eks. fugletårn), og tiltak ved f.eks. innfallsporter, mye brukte rasteplassar eller liknande. Informasjonstiltak inngår ofte som ein del av et tilretteleggingstiltak.

Informasjon:

Det kan skillast mellom uteinformasjon som infotavler og –skilt, og anna informasjonsmateriell i felt, samt kart, brosjyrer og hefter. (Informasjon i naturinformasjonssenter, bøker eller andre medium inngår ikkje i det vi i samanhang med tiltakspostane på kap. 1426 legger i informasjonssomgrepet).

Overvaking:

Måling og vurdering av tilstanden til verneformålet (arter, naturtypar, geologi), ut frå førehandsdefinerte bevaringsmål. I tillegg til dette vil både registrering av de påverknadar som skjer i verneområde (bruk og inngrep) og effektar av de forvaltningstiltak som iverksettast høre inn under overvaking.

1.3 Overordna prioriteringar (DN)

I ”Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder”, notat 2007-1. skriv DN:

A. Overordnet prioritering av verneområder

”Ved fordeling av tiltaksmidler vil de nedenfor nevnte områder gis prioritet.

Høyest prioritet:

- *verneområder med direkte trua naturtyper eller rødlistearter*

Andre prioriterte områder:

- *verneområder av spesiell internasjonal verdi og utpekte nasjonale typeområder (se under)*
- *nye store verneområder og verneområder med stor bruksintensitet*
- *øvrige trua verneområder*
- *andre verneområder der tilretteleggingstiltak er nødvendig for å minske negative effekter av ferdsel og for å fremme framkommelighet og opplevelsesverdien.”*

B. Prioritering av skjøtsel

”Skjøtselstiltak bør prioriteres i følgende områder (listen er i uprioritert rekkefølge):

- *verneområder med nasjonalt truede eller sårbare naturtyper som er skjøtelsavhengige*
- *verneområder som inneholder rødlistearter som står i fare for å forsvinne fra området dersom det ikke blir gjennomført skjøtselstiltak*
- *verneområder med natur- og kulturlandskapsverdier som er typiske, eller representative, for en region*
- *verneområder av spesiell internasjonal verneverdi.”*

C. Prioriterte tilretteleggings og informasjonstiltak

”Skjøtselstiltak bør prioriteres i følgende områder (listen er i uprioritert rekkefølge):

- *verneområder med nasjonalt truede eller sårbare naturtyper som er skjøtelsavhengige*

- *verneområder som inneholder rødlistearter som står i fare for å forsvinne fra området dersom det ikke blir gjennomført skjøtselstiltak*
- *verneområder med natur- og kulturlandskapsverdier som er typiske, eller representative, for en region*
- *verneområder av spesiell internasjonal verneverdi.*”

2 Bestillingsdialogen

SNO har laga eit opplegg for bestillingsdialogen som deler verksemda inn i 3 kategoriar:

- A. SNO sine kjerneoppgåver (pålagde oppgåver)
- B. Oppgåver som SNO kan ta på seg ("kan"-oppgåver)
- C. Skjøtsels og informasjonstiltak

SNO (udatert notat 2010) seier m.a. dette om opplegg og innhald for bestillingsdialogen:

Hva skal bestillingsdialogen inneholde?

SNOs kjerneoppgaver:


1. Drøfte status, utvikling og prioritering av SNOs naturoppsynsinnsats innanfor SNO lokalkontors nærmere definerte geografisk ansvarsområde
2. Vurdere forbedringspunkter og gjensidige forventningar ift samarbeidet mellom FM og SNO lokalt. Særlig viktig er det å identifisere problematiske / uavklarte element i samhandlingen mellom FM og SNO lokalt (fagområder / rollefordeling / oppgaveoverlapping /mv.)
3. Drøfte samarbeidsutfordringar og planlegge aktivitet ift eksterne samarbeidsparter
4. Drøfte informasjonsutfordringar og evt utarbeide enhetlig mediestrategi
5. Avtale løpende informasjonsrutiner mellom FM og SNO lokalkontor

Bestillinger:

1. Drøfte og avtale konkrete bestillinger hvor SNO lokalt eller SNOs deltidspersonell/ lokale tjenesteaktør påtar seg feltoppgaver som FM ønsker å få utført.
2. Drøfte og avtale opplegg for prioritering og gjennomføring av tiltak i verneområder. På basis av dette utarbeider FM nødvendig bakgrunnsmateriale for eget fylke som oversendes SNO sentralt som underlagsdokument for fordeling og endelig tildeling av tiltaksmidler – postene 1426.30 og 1426.31.
3. Avtale hvem som skal utføre de konkrete tiltakene i de prioriterte verneområdene etter at tildeling av budsjettmidler har funnet sted (føres opp i kolonne "gjennomføres av/via").
4. Avtale rapporteringsformer- og tidspunkt ift de konkrete bestillingene.

Gjennomføring av bestillingsdialogen mellom FM og SNO

- *Årshjulet – en veiledende tidsplan for hva som skjer når*



Det er vidare sett opp eit kodeverk for skjøtsels- og informasjonstiltak i.f.t. ivaretaking av verneverdiane (SNO, 17.10.08):

” innmeldte tiltak over postene 1426.30 og 1426.31.1 skal fra og med 2009 klassifiseres i forhold til type tiltak – dvs hvorvidt det dreier seg om skjøtsels- (S), informasjons- (I), tilretteleggings- (T), kulturminne- (K), tiltak for å bekjempe fremmede arter (F) eller andre tiltak (A). Dersom et tiltak faller innenfor flere av disse kategoriene skal det markeres for samtlige av de kategoriene tiltaket faller innenfor. Uthogging av sitkagran i et edelløvs-skogsreservat kan brukes som et eksempel, og må markeres som S/F.”

3 Avslutta og vidareførte tiltak 2010

| ID-omr. | Tiltak | Tildelt | Forbruk | Rest KUR | Rest kommune | Dato rapport - søknad utsett frist |
|-------------------------------------------------------|-------------------------------------|---------|----------------------------|----------|--------------|------------------------------------|
| VV000 02446 | Infotiltak Verket | 20.000 | Omdisponert | - | - | 21.05.2010 |
| VV000 02446 | Infotavle Skårvangsætrin | 20.000 | 22.057 | - | - | 22.09.2010 |
| VV000 02442 | Infotavle Finndalen | 50.000 | 44.740 | - | - | 22.09.2010 |
| VV000 02443 | Infotavle Nordherad | 20.000 | 32.361 | - | - | 22.09.2010 |
| VV000 02443 | Infotavle Lia | 20.000 | 30.667 | - | - | 22.09.2010 |
| VV000 02443 | Infotavle Aursjoen | 70.000 | 60.185,5 | - | 9814,5 | 25.10.2010 |
| VV000 02442 | Parkeringsplass Finndalen | 75.000 | 17.780 | - | 57.220 | 11.11.2010 |
| VV000 02442 | Tjyrumila Finndalen | 10.000 | 10.170 | - | - | 15.11.2010 |
| VV000 02446; VV000 02445; VV000 02448; | Infotiltak Norddal | 150.000 | Ikkje avslutta rekneskapen | - | Ukjend | 15.11.2010 |
| VV000 02446; VV000 02445; VV000 02447; | Informasjonstiltak Rauma | 150.000 | 72.605 | - | 77.395 | 15.11.2010 |
| VV000 02445; | Kløvstigen | 128.000 | 33.750,0 | - | 94.250 | 15.11.2010 |
| VV000 02444; | Infotiltak Nyseter | 155.000 | 57.585,8 | - | 97.414,2 | 15.11.2010 |
| VV000 02446; | Infotiltak Fauttjønn | 90.000 | 44.939,6 | - | 45.060,4 | 15.11.2010 |
| VV000 02446; VV000 02444 | Infotiltak Asbjørnsdalen - Lordalen | 25.000 | 0 | - | 25000 | 23.11.2010 |
| VV000 02446; | Mindre tilfeldige utgifter | 25.000 | 9825,0 | 15.175 | - | 23.11.2010 |
| VV000 02446; | Overført frå tidlegare år KUR | - | - | 23.025 | - | 23.11.2010 |

4 Nye tiltak 2010 - 2011

4.1 Informasjonstiltak (I)

4.1.1 VV00002446 Reinheimen - Informasjonsportal for Reinheimen på Dønfoss i Skjåk - innfallsport til nasjonalparken

Omtale av prosjektet

Reinheimen er eit stort verneområde med mange innfallsportar. Nasjonalparkforvaltninga og informasjonsaktørar har gjeve føringar på at ein skal leggje vekt på desentralisert informasjon på strategiske stader for å styrke formidling av og informasjon om Reinheimen nasjonalpark, jf. Informasjonsplan for Reinheimen, KUR (2010).

Dønfoss i Skjåk er ein strategisk stad for å nå eit breitt publikum med informasjon. På bakgrunn av dette har Skjåk kommune (forvaltningsstyresmakt), Norsk Fjellmuseum (Nasjonalparksenter for Reinheimen) og Coop Ottadalen gått saman om eit pilotprosjekt på å utvikle eit konsept for ”informasjon i butikk” på Coop Marked Bruvoll på Dønfoss.

Norsk Fjellmuseum har gjennom si autorisasjonsavtale med DN eit særleg ansvar for publikumsretta formidling av informasjon om Reinheimen nasjonalpark (autorisasjonsavtale, 2009). Vi vart av den grunn bede om å utarbeide ein strategi og løysningsskisse for informasjonstiltaket på Dønfoss gjennom eit forprosjekt. Sidan Dønfoss er ein sentral innfallsport både for Reinheimen og Breheimen har vi også teke med informasjon om Breheimen i vårt formidlingskonsept på Dønfoss. Det er viktig å presisere at Norsk Fjellmuseum ikkje er formelt autorisert nasjonalparksenter for Breheimen, men at vi likevel har teke eit ansvar for informasjon om Breheimen på Dønfoss.

Forprosjektet vart avslutta i oktober 2010. Konseptutviklingsfirmaet Expology AS har etter oppdrag frå prosjektgruppa utarbeida ein plan med forslag til løysningar på Coop Marked Bruvoll (Forprosjektrapporten v/ Expology AS er vedlagt). Planen gir eit godt grunnlag for å realisere prosjektet. Coop Ottadalen og Norsk Fjellmuseum har inngått ei intensjonsavtale om å få realisert planen i samsvar med ambisjonane. Partane skal i samarbeid få på plass Informasjonsportalen. Coop Ottadalen BA har fått RAM Arkitektur til å teikne tilbygg av informasjonsportal på Coop Marked Bruvoll. Tilbygget skal etter planen stå ferdig i løpet av våren 2011. Norsk Fjellmuseum har ansvar for fagleg innhald og formidlingskonsept i informasjonsportalen i samsvar med plan utarbeidd gjennom forprosjektet og autorisasjonsavtala.

Formidlingskonsept

Informasjonsportalen skal være ein ”inspirerende og berikende portal til nasjonalparkene Reinheimen og Breheimen”. Eit besøk i informasjonsportalen skal inspirere til oppleving i nasjonalparkane og berike naturopplevinga med kunnskap. Det faglege innhaldet i informasjonsportalen uttrykkjer visjonen gjennom å vise til samanhengar mellom natur og kultur, både i fortid, nåtid og i framtid. Ved å auke kunnskapen om samspelet mellom menneske og natur, vil vi skape interesse og respekt for verneføremålet i Reinheimen og Breheimen nasjonalpark. Rein skal ha ein sentral plass i formidlinga.

Besøkstypar og publikumsgrupper

Informasjonsportalen for Reinheimen vert forma med tanke på ei brei målgruppe, men med fokus på familiar, barn og unge. Familiar skal ha mogelegheit for å møtast kring noko i utstillinga for å dele kunnskap og refleksjonar. Barn skal ha mogelegheit for lek og aktivitet.

Plassering

Informasjonsportalen skal fysisk plasserast i eit nytt 50 m² tilbygg på Coop Marked Bruvoll på Dønfoss. Informasjonen skal stort sett være innandørs, og følgje butikken sine opningstider. Eit besøk i informasjonsportalen er gratis, og den skal være ubetjent. Dønfoss er ein strategisk plass for å nå

fram med informasjon. Coop butikken, elva som attraksjon, campingplassen gjer dette til eit naturleg stoppestad for besøkjande som ferdast langs veg til og frå vestlandet, og for dei som er på veg inn i fjellet og nasjonalparkane Reinheimen og Breheimen.

Tabell 1. *Budsjett Infoportal Dønfoss*

| | |
|------------------------------------------------|---------------------|
| Kostnad | |
| Detaljering, tekst, manual, tekniske løsninger | 250 000,00 |
| Prod, interiør, grafikk, AV, multimedia | 850 000,00 |
| Montering, installasjon | 150 000,00 |
| Overtakelse | 30 000,00 |
| Hardware | 150 000,00 |
| Uføresette kostnader | 120 000,00 |
| Mva | 387 500,00 |
| Sum | 1 937 500,00 |
| | |
| | |
| Finansiering | |
| Eigenkapital | 257 500,00 |
| Tilskot DN, etablering ny | 200 000,00 |
| Bestillingsdialogen SNO (Reinh, Breheim) | 600 000,00 |
| Skjåk kommune | 500 000,00 |
| Skjåk Energi AS | 80 000,00 |
| Eidsiva Energi AS | 100 000,00 |
| Lom og Skjåk Sp.B | 100 000,00 |
| Skjåk allmenning | 100 000,00 |
| | |
| Sum | 1 937 500,00 |

Omsøkt beløp

Kr. 300.000,-. Jf.tabell 1.

Framdrift

Realisering av prosjektet kan starte opp vinteren 2011, så snart finansiering er i orden.

Coop Ottadalen har nødvendige planar og løyve for oppføring av tilbygget, og startar opp så snart det er klarsignal om finansiering av innhald.

Innhaldet kan vera på plass i løpet av ca 6 mnd. Det går ca. 3 mnd. til detaljering av tekster og manus, og ca 3 mnd til produksjon og montering av interiør og utstyr. Dersom finansiering er på plass i løpet av tidlig vinter 2011, kan Informasjonsportalen vera på plass i løpet av sommaren 2011. Trinnvis utbygging kan bli vurdert.

Informasjonsportalen på Dønfoss er eit nyskapande informasjonstiltak, med ein klar ambisjon frå miljøforvaltning og informasjonsaktørar om å bli realisert. Prosjektet har hatt god framdrift, og det er viktig å fullføre informasjonstiltaket etter ambisjonane, slik at det blir tilgjengeleg for publikum.

Vedlegg:

2010 Expology AS. Forprosjekt – Norsk Fjellmuseums informasjonsportal til nasjonalparkane Reinheimen og Breheimen.

4.1.2 VV00002446, Reinheimen VV00002448, Tafjorden-Reindalen - Informasjon på turisthytter

Innanfor vernegrensene i Reinheimen finn ein 5 (7) turisthytter:

- Tordsbu
- Pyttbua
- Reindalseter
- Vakkerstøylen
- Tjønnebu
- (Veltdalshytta)
- (Fieldfarehytta)

I tillegg finst det fleire allmennings- og fjellstyrehytter som er mykje brukt.

Fotturistane er ei stor brukargruppe i verneområdet, og det er viktig at turistane er klår over at dei oppheld seg i verneområdet og får informasjon om verneområda og vernereglane. På Reindalseter er det også aktuelt å informere om Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde.

Dette kan ein løyse ved å sette opp informasjonsplakatane inne på hyttene, samt legge ut informasjonspermar.

Informasjonsplakatane er ferdig utforma, og det står såleis berre att å trykke desse. Norsk Fjellmuseum arbeider i samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning med ein mal for informasjonspermar for større verneområde. Det er derfor aktuelt å lage ein eigen perm for Reinheimen når denne malen er ferdig.

Kostnader ved tiltaket går fram av tabell 2.

Tabell 2. Kostnader informasjon på turisthytter

| Art | Mengde | Beløp |
|----------------------|--------|---------------|
| Informasjonsplakatar | 20 | 100000 |
| Informasjonspermar | 11 | 50000 |
| Sum | | 150000 |

4.2 Tilretteleggingstiltak (T)

4.2.1 VV00002442 Naturstig Finndalen

Bakgrunn

Tiltaket har sitt utspring i Finndalsprosjektet som er eit samarbeidsprosjekt mellom sætereigarane i Finndalen, Lom kommune (som forvaltningsstyresmakt) og Kontaktutvalet for Reinheimen som sekretariat. Prosjektet har også motteke SMIL-midlar og vesentlege tilskott frå Norsk Kulturminnefond, Grunneigarfondet (Statskog) og gjennom bestillingsdialogen med SNO.

Så langt er følgjande tiltak gjennomført:

- **Flytting og oppattføring av verneverdig bru** etter pålegg frå fylkeskonservatoren. Tiltaket er gjennomført med ei ramme på kr 475000,- med tilskott frå Kulturminnefondet, Grunneigarfondet, Verdiskapingsprogrammet for kulturminne og bruk av private midlar.

- **Restaurering av Hove Øvre sæter**
Målet med restaurering er å få etablert ei visningssæter med autentisk preg som også kan nyttast til informasjon og utstillingar. Restaureringa skjer med bruk av private midlar, tilskott frå Kulturminnefondet og SMIL-midlar. Restaureringa har ei ramme på kr. 720.000,-. Fjoset på sætra er ferdig restaurert og sæterhuset vil bli restaurert i 2011.
- **Kartlegging av busetnaden på sætrene**
Det er gjort ei kartlegging av bygningsmassa på alle sætrene når det gjeld funksjon, areal og SEFRAK-status.
- **Opplagg for sjølvhøgst av ved - landskapspleie**
Både sætereigarar og ålmenta har fått utvist mindre og målretta vedteigar for å halde ope landskapet.
- **Oppdatering av fakta om kulturhistorie og naturgrunnlag**
Gjennom arbeidsgrupper og kontakt med sætereigarane er det gjort utgreiingar for å oppdatere kunnskapasgrunnlaget om bruken av og naturen i Finndalen gjennom tidene.

Tiltak som blir omsøkt i bestillingsdialogen – Naturstig Finndalen

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er å:

”- ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.

- ta vare på leveområde og trekkområde for villreinen, og anna biologisk mangfald som pregar landskapet.

- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

- ta vare på vakker og særpreget vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.”

Brukarane og offentlege aktørar har gjennom Finndalsprosjektet gjort ein vesentleg innsats for å ivareta verneverdiane i Finndalen. Finndalen er ein sæterdal med 4 sæterstular og vel 30 sætrer. For å framleis å kunne ivareta dei store verdiane som er knytt til kulturlandskapet og sæterhistoria, er det viktig å formidle kunnskap om og engasjement for desse verdiane. I tillegg har Finndalen viktige naturverdiar knytt til vassdrag, geologi, plante- og dyreliv.

Det er derfor eit ønskje å følgje opp dei ulike skjøtselstiltaka med ein ”Naturstig Finndalen” som vil bestå av følgjande element (sjå tabell 3 og 4):

Tabell 3 Naturstig Finndalen - tiltak

| Nr | Tiltak | Mengde | Sum |
|----|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------|-------|
| 1 | Informasjonstavle ved kvar sæterstul om sætring og landskap | 4 tavler | 40000 |
| 2 | Naturstig til toppunktet Klympen . Klympen er ein topp som stikk opp i dalføret i Finndalen, og som gjev god utsikt til sætrene, over Finna sitt meanderande løp og til fjellområda i kring. Ein vil legg inn 3 postar på turen med hovudtema: <ul style="list-style-type: none"> • Beite og beitelandskap • Geologi • Vassdrag. | 3 tavler | 30000 |
| 3 | Gammelsterringen . Her er det ein gammal sæterstul som vart fråflytta etter Stor-Ofsen Tuftene er framleis synlege i landskapet, i tillegg er det gjort funn som dokumenterer steinalderbuplassar. | 2 tavler | 20000 |

| | | | |
|--------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------|---------------|
| 4 | Tjyrumila – informasjon om milvangen og merking av stigen hit. | 2 tavler og 15 merkeskilt | 20000 |
| 5 | Vangsrunda – naturstig-/kulturstig på Vangen med informasjon om sætrane, naturforhold og kulturhistorie. | 10 små tavler | 40000 |
| Sum kostnad | | | 150000 |

Tabell 4. *Finansiering Naturstig Finndalen*

| Art | Beløp |
|------------------------------------------------------------------------------------------|---------------|
| Overføring av restmidlar frå Parkeringsplass Finndalen (Bestillingsdialogen 2009) | 57220 |
| Omsøkt bestillingsdialogen 2011 | 92780 |
| Sum | 150000 |

4.3 Tiltak for å bekjempe fremmede arter (F)

4.3.1 VV00002447 Vidareføring av bekjemping av parkslirekne på Gravdehaugen (Romsdalen LVO)

På Gravdehaugen, like ved ei orkidèeng, er det ein bestand av parkslirekne, ein svartelistart med stor spreingskapasitet. SNO lokalt vart i brev 21.09.09 frå forvaltningsmyndigheita bedne om å ta til på arbeidet med å fjerne denne bestanden. Dette er gjennomført i år, men må følgast opp framover av SNO lokalt.

Dette bør førstast opp som eit skal-oppgåve for SNO lokalt for 2011.

4.3.2 VV00002446 Reinheimen - Revegetering av grustak Billingen

Teneste

Skjåk kommune i samarbeid med SNO.

Føremål

Nyplanting/treslagsskifte. Føremålet er å plante furu med bruk av fylljord av lokal opprinnelse og etter kvart fjerne Contortaen i grustaket ved Billingen. Prosjektet vart gjennomført i 2008. Det viste seg da at det trengst fleire planter. Det blir derfor søkt om å kunne forsette med prosjektet i 2009.

Omtale

På slutten av 1970-talet tok Statens vegvesen ut mykje grus på Billingen til bruk under bygging av heilårsvegen til Stryn. Området har aldri blitt revegetert skikkeleg. Det er planta amerikansk Contorta furu på området noko som verkar svært framandt. Tilslaget av plantane er heller ikkje godt. Området ligg tett inntil grensa for Reinheimen nasjonalpark.

Arbeidet har gått over 3 år, men det er framleis behov for oppfølging.

Total kostnad kr. 30.000,-.

Utførande

SNO i samarbeid med Skjåk Almenning

4.4 Andre tiltak (A)

4.4.1 Overåkingsprogram for Reinheimen

Med fastsetting av bevaringsmål blir det behov for å gjere registreringar med oppfølging av det enkelte bevaringsmål. Dette må inngå som ein del av SNO sitt løpande arbeid.

Kalvetilvekst – kalvdødlegheit... Villreinutvalet

4.4.2 Reinheimen - Ferdelsregistrering Innspel til bestillingsdialogen 2010

Tiltak

Overvaking av villreinen sin arealbruk

Villreinutvalet gjennomfører i samarbeid med SNO årlege registreringar av villreinen sin arealbruk. Dette arbeidet vil halde fram.

Overvaking av ferdsel

Det er eit overordna forvaltningsmål at verneverdiar ikkje skal gå tapt. Det er naudsynt å samle inn kunnskap gjennom overvaking og registreringar for å dokumentere eit utvikling over tid, og få eit godt grunnlag for ein målretta forvaltning.

